

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018

Det vart gjort framlegg om slik endring i punkt 1, andre setning: «Fylkesutvalet» vert endra til «Hordaland fylkeskommune».

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2 i saka går til behandling i valnemnda.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med endringa i andre setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den føreslåtte organiseringa av verdsararbeidet på Bryggen, med eit verdsarråd, fagråd, og verdsarvkoordinator. Hordaland fylkeskommune vil velje to politiske representantar til verdsarrådet, frå posisjon og opposisjon, kvar med ein vararepresentant. Det vert gjort nytt val av politiske representantar etter kvart fylkestingsval.
2. Punkt 2 i saka går til behandling i valnemnda.